

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING

Kopi til: **Ordføraren**
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

torsdag, 22.11.2018 kl. 16.05 i Formannskapssalen.

SAKLISTE:

- Sak 21/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.09.2018
- Sak 22/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019 – oppfylging av sak 19/18
- Sak 23/18 - Revisjonsstrategi 2018 Stranda kommune.
- Sak 24/18 - Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- Sak 25/18 - Møteplan 2019 for Stranda kontrollutval.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Sak 21/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.09.2018

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 13.09.2018 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad.

Meldt forfall: Ole Jørgen Sve

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte Svein Ove Otterlei.

Frå administrasjonen møtte økonomisjef Ståle Anker Ljøsen. Ordførar Jan Ove Tryggestad var tilstades på deler av møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 17/18

Godkjenning av møtebok frå møte 28.06. 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 28. juni 2018 blir godkjent.

Sak 18/18 - Disponering av viltfondet og budsjett for viltnemnda

Innstilling datert 07.09.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet viser til saksutgreiinga og rapporten frå kommunerevisjonen og sender saka over til kommunestyret med framlegg til slik

i n n s t i l l i n g

1. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd rutinar som sikrar at regelverkets krav om at viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan blir oppfylt.
2. Kommunestyret sluttar seg til kommunerevisjonens skisse for sakshandsaming av budsjettet for viltnemnda.

Leiar fremma på vegna av utvalet eit alternativt punkt 2:

Kommunestyret sluttar seg til kommunerevisjonens vurdering og skisse for sakshandsaming av budsjettet for viltnemnda.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd rutinar som sikrar at regelverkets krav om at viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan blir oppfylt.
 2. Kommunestyret sluttar seg til kommunerevisjonens vurdering og skisse for sakshandsaming av budsjettet for viltnemnda.
-

Sak 19/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar fremja på vegne av utvalet fylgjande forslag til vedtak:

1. Som grunnlag for kontrollutvalet si prioritering av nye forvaltningsrevisjonar, blir revisjonen bedt om å ajourføre risikobildet innan for områda
 - a. Verksemddsstyring, digitalisering og informasjonstryggleik
 - b. Kommunen som tenesteleverandør og myndighetsutøver over for sårbare grupper.
2. Med visning til intensjonen i vedtatt forvaltningsrevisjon 2017 – 2020, ber utvalet også om ei vurdering av eventuelle revisjonsområde som kan koordinerast med forvaltningsrevisjon i andre kommunar.

Leiars forslag blei samrøystes vedteken.

Sak 20/18 Budsjett Stranda kontrollutval 2019.

Innstilling datert 07.09.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-
Saka sendes over til rådmann for innarbeidning i Stranda kommunes budsjett for 2019.

Under eventuelt blei det delt ut eit brev frå Kommunerevisjon 3 angåande deira fusjonsplanar.
Det blei gitt ei orientering frå Svein Ove Otterlei. Kontrollutvalet i Stranda vil fylgje dette
arbeidet vidare.

Neste møte i kontrollutvalet i Stranda blei avtalt til torsdag 8. november, kl. 16.05

Inge Gjærde Helge Kvame Anne Melgaard Tårn Eva Rinde Habostad
leiar nestleiar medlem medlem

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

Sak 22/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019 – oppfølging av sak 19/18.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 Oppdaterte opplysningar – Plan for forvaltningsrevisjon, datert 8. november 2018.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Stranda gjorde i sitt førre møte, 13. september følgjande vedtak:

1. *Som grunnlag for kontrollutvalet si prioritering av nye forvaltningsrevisjonar, blir revisjonen bedt om å ajourføre risikobildet innan for områda*
 - a. *Verksemdsstyring, digitalisering og informasjonstryggleik*
 - b. *Kommunen som tenesteleverandør og myndighetsutøver over for sårbare grupper.*
2. *Med visning til intensjonen i vedtatt forvaltningsrevisjon 2017 – 2020, ber utvalet også om ei vurdering av eventuelle revisjonsområde som kan koordinerast med forvaltningsrevisjon i andre kommunar.*

Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løyvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsprosjekt i samsvar med faglege krav. Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbetringsarbeidet i kommunen.

Oppdateringa frå kommunerevisjonen skulle gi kontrollutvalet eit betre grunnlag for å velje tema for komande forvaltningsrevisjon. Formålet med denne saka er at utvalet skal diskutere seg fram til eit eller fleire tema for forvaltningsrevisjon og deretter prioritere kva som er viktigast. Vidare skal utvalet gjere eit vedtak som blir grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon hos Komunerevisjon 3. Dei vil så kome tilbake på neste møte med ei prosjektskisse og planen kan settes i bestilling.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Stranda kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
08.11.2018
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Oppdaterte opplysninger – Plan for forvaltningsrevisjon

I kontrollutvalsmøte 13.09.18 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Som grunnlag for kontrollutvalet si prioritering av nye forvaltningsrevisjonar, blir revisjonen bedt om å ajourføre risikobildet innanfor områda*
 - a. *Verksemderstyring, digitalisering og informasjonstryggleik*
 - b. *Kommunen som tenesteleverandør og myndigheitsutøver over for sårbare grupper.*
2. *Med visning til intensjonen i vedtatt forvaltningsrevisjon 2017 – 2020, ber utvalet også om ei vurdering av eventuelle revisjonsområde som kan koordinerast med forvaltningsrevisjon i andre kommunar.*

Kommunerevisjonen har på bakgrunn av dette tatt utgangspunkt i mellom anna oppdaterte KOSTRA-tal og gjennomført samtal med rådmann i Stranda kommune. Teksten på dei aktuelle avsnitta i Plan for forvaltningsrevisjon er oppdatert og følgjer under.

Tenesteleverandør og myndigheitsutøvar

Dette området omfattar kommunen si myndigheitsutøving og tilbod om sentrale tenester til innbyggjarane. Aktuelle spørsmål er mellom anna:

- Blir innbyggjarar og brukarar likebehandla?
- Blir tenester levert i rett tid, med riktig kvalitet og med ønska effekt?
- Blir sårbare grupper vareteke på ei god måte?

Kommunen har ein rekke områder der det blir utøvd mynde eller blir levert tenester ovanfor store brukargrupper. I tillegg til områder som angår alle som VAR, gjeld det til dømes barnehageområdet med 195 barn i 2017 og grunnskule med 494 elever. Det var 361 brukarar av alle typar

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besoksdresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Foretaksregisteret:
NO 971 562 587

omsorgstenester i løpet av 2017, og innan helse- og omsorg utgjorde netto driftsutgifter i 2017 103,2 mill. kroner.

Plan- og bygggesaksbehandling er eit anna område som vedkjem mange, og er viktig både for dei som søker, men også for samfunnsutviklinga. Rådmannen opplyser at dei har fått på plass tilstrekkeleg tal på sakshandsamarar på dette området. Ut frå KOSTRA kan det sjå ut til at sakshandsamingstida i 2017 var noko høgare enn samanliknbare kommunar. Vidare at det er ein høgare del av innvilga søknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon frå plan. (34% i Stranda mot 17% i andre kommunar i KOSTRA-gruppe 2).

Ein bør også vere særskild merksam på dei mindre og sårbarer brukargruppene som barnevernsklientar, rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og personar med psykisk utviklingshemming.

Innan barnevernet er det gjerne risiko knytt til m.a. handsaming av «bekymringsmeldingar», samarbeid med andre instansar, minoritetskompetanse, kapasitet, etablering og anskaffing av eigna tiltak, rekruttering av foster- og beredskapsheim, oppfølging av barn med tiltak utanfor heimen og omdømeproblematikk. Det omfattar også det å ta god vare på eit aukande tal på mindreårige flyktninger som kan ha behov for tiltak. Stranda kommune har svært låge utgifter til barnevern sett i høve til samanliknbare kommunar (Kommunegruppe 02 KOSTRA), og det er vidare slik at Stranda har ein høgare del med undersøkingar som er handsama innan 3 månader (91%) enn både kommunegruppe 2 (85%) og kommunane i Møre og Romsdal (77%).

Det er tidlegare i år starta felles barnevernvaktsamarbeid mellom Giske, Sula, Sykkylven og Stranda kommunar for å sikre akuttberedskap etter kontortid.

Det vil kunne vere risiko knytt til kvalitet i barnehage, mellom anna auka ambisjonsnivå med omsyn til norsk språk, bemanning, kompetanse og inne- og uteareal. Det er og slik at ein høg del av borna i Stranda kommune har innvandrarbakgrunn. Jf. KOSTRA var 30,1% av barn i barnehagar i Stranda minoritetsspråklege. Dette er langt over landsgjennomsnitt utanom Oslo (15,6%), Møre og Romsdal (13,8%) og i samanliknbare kommunar i KOSTRA-gruppe 2 (13,1%).

Vidare kan det i delar av kommunen vere ei utfordring å handtere konsekvensar av reduksjon i tal på born. Dette kan og vere ei økonomisk problemstilling.

Innanfor skulesektoren skriv rådmannen i budsjettet at kommunen har ei utfordring knytt til språkopplæring og tilpassa undervisning for framandspråklege elevar, og dette særleg gjeld Ringstad skule og Stranda ungdomsskule.

Nokre viktige tema kan her vere samarbeid heim/skule, handtering av overgangen frå barnehage til Barneskule, handtering av overgangen frå barneskule til ungdomsskule, organisering og tilrettelegging av språkopplæringa.

For pleie- og omsorg er det grunn til å forvente at det framleis vil vere risiko knytt til handsaming av søknader, bemanning, kvalitet, dokumentasjon og styring av tenestene. Auka levealder og sjukehusa sin utskrivingspraksis etter samhandlingsreforma har medført at kommunane tek i mot fleire med stort hjelpebehov. Dette skaper utfordringar, både når det gjeld kompetanse og organisering av tenestene. I budsjett- og økonomiplan for 2018-2012 skriv rådmannen at Stranda kommune har for få alternative bustader med heil- eller deldøgns omsorg, både i forhold til dagens behov men og med tanke på eit framtidssbilete.

Det vart og rapportert om at ein ved sjukeheimar har måtta auka kapasiteten ved å gjere enkeltrom om til dobbeltrom. Rådmannen opplyser om at det vert arbeida med å gjere pasientflyt og samhandling betre slik at fleire skal kunne bu heime, og at ein kan få ned bruken av dobbeltrom.

Stranda kommune vedtok Helse- og omsorgsplan i 2015. Planen gjekk gjennom tenestetilbodet i kommunen, utfordringane og strategiar for å møte desse

Forvaltningsrevisjon innan området myndigheitsutøving og brukartilpassa tenester med tilstrekkeleg kvalitet kan rettast mot sakshandsaming, kvalitet, produktivitet, oppnådd resultat og effektar for brukarane. Dette området omfattar i stor grad arbeidsintensive sektorar der mynde blir utøvd og tenester levert i eit relativt tett samspel med brukarane.

Verksemderstyring, digitalisering og informasjonstryggleik

Området omfattar kommunen sitt arbeid med verksemderstyring, digitalisering og informasjonstryggleikt.

Aktuelle spørsmål er bl.a.:

- Er styringa av drifta god, og blir det jobba målretta med utvikling og omstilling?
- Er det god kontroll med investeringane?
- Blir informasjonstryggleik i kritiske IKT-system godt ivareteke?

IKT er ein stadig viktigare og meir integrert del av tenesteproduksjonen, og er ein føresetnad for god produktivitet, effektivitet og oppnådde resultat og for kommunen si forvaltning generelt. Kommunen sine fellessystem har betydning for effektiv drift i all kommunal verksemde. Ved ei satsing på digitalisering av tenesteproduksjonen, må ein legge vekt på informasjonstryggleik, slik at verken vital informasjon om kritisk infrastruktur eller personopplysningar kjem på avvege.

Stranda kommune er med i ALV-Møre og Romsdal som er ein læringsarena for velferdsteknologi, og blir drifta som eit samarbeid mellom NTNU i Ålesund og 13 partnarskapskommunar. På Stranda omsorgssenter blir det nytt signalanlegg der ein bygger ein plattform for å utnytte ny teknologi. Elles er det etter rådmannen si vurdering at det har blitt betre elektroniske journalar og utveksling av data mellom 1.linjetenesta og spesialisthelsetenesta.

For å gi eit tilstrekkeleg tilbod og sikre ein mest mogleg effektiv ressursutnytting, er det nødvendig med god verksemderstyring, god intern kontroll og gode rutinar og kontrollaktiviteter på alle nivå, samt kontinuerleg modernisering og effektivisering av kommunen si drift. Intern kontroll er eit leiingsansvar. Rådmannen la fram eigen sak om Kvalitet- og internkontroll som vart handsama i kommunestyret 27.11.2017, og der kommunestyret tok saken til vitande. Kommunen har eit system for internkontroll og avvikshandtering «Compilo» som blir nytta.

Mangefull styring kan auke risikoene for lav modernisering- og utviklingstakt, vesentlege overskridinger, lågare inntekter enn forventa, ineffektiv tenesteproduksjon, at tenesteproduksjonen ikkje blir av forventa omfang eller kvalitet, samt mislede høve.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot verksemderstyring og intern kontroll, planlegging og styring av investeringar, informasjonstryggleik og styring av IKT.

Andre revisjonsområde – andre kommunar

I ei kommune blir det innanfor barnevern arbeidd med å sjå nærmare på plassering og oppfølging av plasseringar i fosterheimar. I Stranda der det få omsorgsovertakingar slik vi forstår det, og dette vil nok difor kanskje ikkje vere eit veldig relevant tema her.

I ei anna kommune blir investeringsbudsjett tema for forvaltningsrevisjon.

Eit anna tema det vert jobba med i ei kommune er organisering av den interne vernetenesta (arbeidsmiljøutvalet, hovudverneombodet og verneombod) i kommunen. Hovudspørsmålet i prosjektet er om kommunen har organisert den interne vernetenesta på ein god måte.

Eit anna prosjekt det vert arbeidd med er gjennomgang av byggjesakshandsaming og kontroll i ei kommune. Har kommune system og rutinar som sikrar at kommunen er innanfor lovpålagt saksbehandlingstid? Har kommunen ein god dispensasjonspraksis? Har kommunen tilsynsoppfølging?

Det er og levert rapport om sakshandsaming og oppfølging av politiske vedtak i ei kommune tidlegare i år der ein mellom anna såg på rutinar for korleis ein skulle utarbeide saker til handsaming, og på rutinar for rapportering på status for politiske vedtak.

Med helsing

Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar

Sak 23/18 - Revisjonsstrategi 2018 Stranda kommune.

Vedlegg: rapport frå Kommunerevisjon 3, datert 25. september 2018.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva ångrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalt overordnet revisjonsstrategi 2018. Rapportene legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapportene står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Stranda kommune og påpeiker viktigheta av at dette blir teken med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – STRANDA KOMMUNE - 2018

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. I tillegg inngår Stranda Hamnevesen KF. Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider eigne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2017 til 2018.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avglagt seinast 15.04.2019. Dersom noko blir avdekkja jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekkja forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpende. Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Stranda kommune:

Oppdragsansvarleg revisor: Anne Nygård
Teammedlemar: Ann-Kristin Melseth, Randi Kalvatsvik

Stranda hamnevesen KF:

Oppdragsansvarleg revisor: Knut Gunnar Alnes

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Stranda kommune. Kommunen har høg lånegjeld og er registrert i ROBEK, men har dei siste åra hatt eit godt økonomisk resultat.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørsrevisjon.

| | Mai | Juni | Juli | Aug | Sep | Okt | Nov | Des | Jan | Feb | Mars | April |
|---------------------------------------|-----|------|------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|-------|
| Planlegging og oppstart av nytt år | | | | | | | | | | | | |
| Interimsrevisjon - testing av rutinar | | | | | | | | | | | | |
| Årsoppgjørsrevisjon | | | | | | | | | | | | |
| Attestasjon momskompensasjon | | | | | | | | | | | | |
| Attestasjonar | | | | | | | | | | | | |

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2018 (lista er ikkje uttømmande)

- Periodisering av variabel løn
- Finansreglement – rutinar for finansforvaltninga
- Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling
- Testing av rutinane for fakturering av heimehjelp, tryggleiksalarm og matombringning
- Testing av rutinane for fakturering i Stranda hamnevesen KF

Ålesund, 25. september 2018


Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar


Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Sak 24/18 - Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 12. november 2018.

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggast fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Innstilling til vedtak:

Stranda kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli heldt orientert om prosessen vidare.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Stranda kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
12.11.2018
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vi viser til vårt brev datert 10.09.18 der vi m.a. signaliserte at vi ville kome attende med ytterlegare informasjon om forhandlingar om mogleg fusjon/danning av nytt selskap etterkvar som det låg føre.

Det vart fatta om lag likelydande vedtak i representantskap i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS om å gå i forhandlingar, medan Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS takka nei til å vere med i forhandlingar.

Det vart avhalde avsluttande forhandlingsmøte mellom forhandlingsutvala i dei 2 selskapa 7. november. Frå vårt selskap deltok ordførarane i Skodje, Giske og Sula i tillegg til styreleiar, konstituert dagleg leiar og tilsettrepresentant. Frå MRRevisjon deltok ordførarane i Molde og Kristiansund, varaordføraren i MRFylke i tillegg til styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Hovudpunkt i det forslaget ein vart einige om å leggje fram til vidare handsaming var:

- Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
 - Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs.
- 3 like store (tal på tilsette) kontor i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Mao skal kontorstrukturen slik den er no, vidareførast.
 - Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvalningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle kontora. Kapasitet på forvalningsrevisjon vil bli auka.
- Hovudkontor i Kristiansund

- MRRev har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- Fakturering etter medgått tid
 - MRRev går over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye føretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.
- Innskotskapital for våre eigarkommunar blir dekt av akkumulert overskot i Komrev3 – det blir mao ikkje ekstra utgifter for våre kommunar til danning av føretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere eigenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga frå Komrev.
- Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapet blir overført til kommunane ved danning at nytt føretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Dersom dette forslaget blir vedteke inneber det ikkje endring i revisjonsordning. Men det vil innebere at det blir oppretta eit nytt føretak, og dermed ny revisor. Det er kontrollutvala som gir innstilling på val av revisor, også i kommunar som er i ferd med å slå seg saman.

Kommunerevisjonen har forsøkt å halde kontrollutvalssekretariat og kontrollutval kontinuerleg orientert om prosessen også for å få innspel undervegs.

Med helsing

Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar

Sak 25/18 - Møteplan 2019 for Stranda kontrollutval.

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn. Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Stranda kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2019:

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat